

Uskedalen har fått Old Girls!

20.04.2010



Klare for den første utetreninga på Heio: Linda Eide, Eva Irene Myklebust, Tone Huse, Line Taranger, Hege Lekva og Elin Bondhus. Seinare kom også Silje Bråtun. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er nesten ikkje grenser for kreativiteten med omsyn til sportsleg aktivitet i bygda vår.

No har Uskedalen til og med fått Old Girls-lag i fotball!

Men dei som trur at laget består av gamle jenter, tek grundig feil. Dei er i alderssjiktet frå rundt rekna 20 til 35 år!

Eva Irene Myklebust tok initiativet i fjar haust og til no har jentene trenat i Aktivitetshuset - ein time kvar tysdagkveld. I kveld har dei sesongdebut på Heio.

- Førebels har deltakinga variert mellom 4 og 12, men vi håpar at fleire vil slutta seg til flokken. Vi har det så gøy, og så er dette framfrå trim, forsikrar jentene før dei boltrar seg på ei bane som er i imponerende stand for årstida. Her er det verkeleg gjort ein god vedlikehaldsjobb.

Fleire av jentene i Old Girls har vore aktive spelarar og alle er store fotballentusiaster. Dei strekar under at "dette er berre for gøy" og at dei slett ikkje har nokre høge ambisjonar knytta til det nye "laget".

Men dei registrerer at også Rosendal nyleg har fått sine Old Girls og har ikkje noko imot å møta dei til dyst! Dei kan også tenkja seg å bli med på bedriftsfotball hvis det kjem eit tilbod.

Av Ola Matti Mathisen